



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

## Referat

**Styremøte 3-2021 – 02.12.2021**

Sted: Teams (kl. 16:00 – 18:00)

### Til stede:

Styret:

Per Dag Hole (PDH)  
Bengt Fasteraune.(BF)  
Kristin Hille Valla (KHV)  
John Olsen (JO)  
Egil Mikkelsen (EM)  
Raymond Sørensen (RS)  
Kristin Prestvold (KP)

Sekretær: Trond Stensby

## **Sak 05/21 – Oppfølging av møte med Riksantikvaren 24.11.21**

### PDH

Målet med møtet er å drøfte korleis ein følgjer opp møtet **PDH, EM, JO og BF** hadde med Riksantikvaren 24.11.21.

Gruppa møtte med innspel frå styret, og hadde også eit formøte der ein sette ned fire punkt ein ville ta opp med Riksantikvaren (RA):

1 Strategi for offentliggjøring – i hvilken grad vi kan bruke brevet i vårt arbeid med å involvere regionale og lokale parter.

RA uttrykte at brevet er eit offentleg dokument, som kan bli brukt fritt i vårt arbeid.

2 Hva kan vi bidra med i arbeidet med planen som skal legges innen 01.03.22. Få avklart hva som er relevante oppgaver å ta tak i.

Det ble avtalt å ha eit nytt møte i veke 5 (1. februar 2022)

RA har ikkje forventning om at vi kommer med tunge faglige utredninger

Vi må bruke tid på å lage eit innspel om kva som som er viktige tema videre, og som blir omtalt i planen RA skal legge fram. Konkretisere kva vi meiner er viktig opp mot attendemeldingen frå RA.

3 Arbeidsdeling - avklaring av den økonomiske delen, og organisering.

a Prosjektet ønskes knyttet til Norsk Villreinsenter (faglig forankring).

b Ivareta forholdet til nasjonalparkstyrrene, evt. andre (politisk nivå og forvaltning)

Kan ikkje forvente noko økonomisk bidrag frå RA i fasa fram til 1. mars 2022.



## VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

RA gav ikkje noko klart svar på Norsk Villreinsenter si rolle, men var heller ikkje negative. Kan knyttast til Miljødirektoratet sitt ansvarsområde.

### 4 «Villreinfangsten som verdensarv» nomineres som kulturlandskap. Ikke mixed-site eller serienominasjon... - behov for avklaring.

RA ser for seg ein «mixed site» nominasjon.

RA la vekt på å få med eit samisk miljø inn i arbeidet, som ein del av vårt ansvar. Korleis skal vi tolke dette - for å støtte vårt prosjekt eller vikarierande motiv?

Finst det samiske i lokalmiljøet?

#### **EM**

Vi har gått ut frå at det skal vera ein «culture site». Ein nominasjon som «mixed site» fordrar mykje arbeid på naturfagsida.

Samiske interesser skal med i den lokale forankringa.

Begge punkta rokkar ved mykje vi har lagt til grunn.

Ser det som ei tafatt satsing frå RA si side – dei burde i større grad flagge sitt eigarskap til prosjektet.

RA gav uttrykk for at vi må bearbeide narrativet – lage hovudhistoria for området. Vi har vist til kulturhistorie gjennom 10.000 år - kva er dei misnøgde med? Mange mangler ift. kva RA forventar seg.

Kva skal leggast inn i planen for vidare bearbeiding? Stilt ei rekke krav til vårt prosjekt – RA burde satt dette på papiret - RA bør ha føringa i arbeidet fram til 1. mars.

Etter møtet 24.11. er villrein definert som ein truga art – forsterker det vårt prosjekt?

Jf. komparative analyser, så er det det arktiske område og reinen, som er i fokus.

#### **JO**

Oppfatta det slik at RA vil ha innspel til kva for punkt det skal jobbast vidare med etter 1. mars 2022. Derfor heller ikkje stilt ressursar til disposisjon nå. RA var ikkje avvisande til at kom ressursar etter 1. mars 2022. Det blir lagt inn kostnadsoverslag i planen RA skal legge. Oppdragsbrevet frå KLD vil gje svar her.

På den eine sida var møtet positivt – direkte og god dialog med RA - lenge sidan det har vore slik. Letta når det gjald dei komparative analysane, Der har prosjektet allereie gjort ein større jobb enn nødvendig.

Stussar på:

«Mixed site», ikkje noko nytt, men Miljødirektoratet meiner området ikkje kvalifiserer til dette. Det er for mange store naturinngrep. IUCN vil ikke anerkjenne dette, og dei er meir restriktive i så måte enn ICOMOS. Kontakt i Miljødirektoratet vil kunne vera Gaute Sønstebo. Vurdering av «mixed site» kan kanskje endrast etter at villreinen kom på raudlista?

RA sitt innspel om det samiske overraskar – ikkje reindriftssamar innanfor dette



## VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

området – fråvere av reindrift eit premiss for å ha villrein. Det samiske bør andre aktører handtere.

Oppgåva nå blir å:

- Systematisere og sette saman det som allereie er gjort av kunnskapsinnhenting.
- Definere kva for område som er unikt verdifulle i verdsarvsamanheng. Det blir ikkje dei same områda som skal visast publikum.
  - Visingsområde må t.d. finnast i nærleiken til villreinsenteret, og vera egnar for formidling.
- UNESCO er veldig opptatt av kanalisering av ferdsel, jf. krav om forvaltningsplan.

RA skulle ha kontakt med Miljødirektoratet. Oppfordret oss til å ta kontakt med NINA ift. ein «mixed site». Nemnde også statsforvaltaren som aktør.

### KP

Fram til 1. mars – det er eit planprogram som skal skrivast. Det krev ikkje nye faglege utgreiingar.

UNESCO krev at det blir laga ein forvaltningsplan for verdsarvområdet, og det blir ei hovudoppgåve etter at planprogrammet er på plass 1. mars 2022.

Det er færre enn 3 % av verdsarvområda som er «mixed sites» - kan gje vårt prosjekt moglegheiter?

Ser RA sitt innspel om det samiske som eit ønskje om dialog med det sør-samiske miljøet om det er kryssingspunkt mot vårt prosjekt. Som ein utsjekk av temaet.

Vurdert som «mixed site» femnar «Villreinfangsten» eit område med eit unikt kulturlandskap med fangstminne, og villreinen i sitt naturlege habitat. Historia om villreinen, og menneska sin bruk av villreinen bygger opp om kvarandre – godt utgangspunkt for ei heilskapleg forvalting - «mixed site». Mykje av forskinga på, og forvaltinga av villrein er allereie på plass.

Mange spor etter samisk bruk i fjellet. Kan ha vore ein felles bruk, sjølv om historia nå er ulik.

Norsk Villreinsenter med kompetanse på villrein, dagens bruk, og fangstminner.

Unik mulighet til å ta tak i både dyret og sporet etter menneska – kva vil vi fortelle – kva for område og fangstobjekt er viktige, signifikante objekt som kan knytta til verdsarvverdiane - det heilskaplege bildet. Jf. t.d. nye fonnofunn, og arbeidet NINA har gjort på villrein.

Oppyddingsjobb å gjøre ift. til historia vi vil fortelle.

Sårbarheit og ferdsel må med i eit planprogram.

Kart som viser hovudfokus og buffersoner – kulturminne med høy verdi. Utval av kulturminne og område.

### BF

Meiner nominasjon som «mixed site» vil løfte prosjektet, og dra vekslar på etablert kunnskap.



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

Det samiske bør vera greit å sjekke ut i våre område.

Oppfatta at RA er positive til å involvere Norsk Villreinsenter.

Poengterte at RA må ha eit eigarforhold til prosjektet.

Har kontakt med statssekretær Aleksander Øren Heen i KLD. Stiller seg generelt positiv til at det blir jobba med prosjektet, og omtale i media.

RA slo fast at det bør være ein «mixed site», men mangla referanse til kva en «mixed site» er. Positiv vinkling, men ble mykje fokus på narrativet.

Norsk Villreinsenter kan bidra etter 1. mars 2022.

## RS

Spørsmål om det skal på plass eit oppdatert narrativ før 1. mars 2022.

Vil tro at RA har vært i kontakt med Miljødirektoratet, når dei nå føreslår ein «mixed site». RA kan ikkje føreslå ein «mixed site» aleine.

Raudlista er eit argument for «mixed site».

Deler entusiasmen til KP, men vi må vera bevisst på problem med ferdsel, og auka ferdsel i villreinområda. T.d. blant jaktrettshavarane er det ei oppfatting at verneområda har generert meir folk i villreinområda.

## Sak 08/21 – Eventuelt

### A. EM har sagt frå seg plassen i styret.

EM har sagt frå seg plassen i styret frå årsskiftet.

PDH uttrykte at EM alltid vil vera ein del av prosjektet, men forståeleg at det er behov for ei pause. EM skal vera med når vi «klipper snora». EM har ein uunnværleg jobb frå fyrste dag – gjeve tyngde til prosjektet t.d. med bakgrunn frå Kulturhistorisk Museum.

PDH vil takke av EM når styret skal ha eit fysisk møte att.

PDH stilt spørsmål om vi skal knyte til oss nye personar – tenke over det til neste møte.

EM og JO spelte inn Jostein Bergstøl som eit namn. Gjort ein stor forskingsinnsats, og tilknytt Kulturhistorisk Museum. **EM retter ein førespurnad via Kulturhistorisk Museum.**

### B. Rådet frå RA om bruk av brevet frå KLD.

RS vil orientere om arbeidet for styret for Villreinfjellet som verdiskaper / Villreinløypa.

PDH kontakta av Solveig Brøste Sletta (Nordveggen AS) – interessert å delta i vårt arbeid – innfallsvinkel til lokal forankring – gripe det som ei «utstrakt hand».



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

Nordveggen er eit selskap som driv ulike prosjekt knytt til næringsutvikling, særleg i Rauma og Lesja.

## C Korleis rigge arbeidet framover til 1. februar 2022

### **PDH**

Ønskje om at Norsk Villreinsenter blir meir synleg i arbeidet.

**RS, KP** og **JO** dannar ei arbeidsgruppe. **RS** ansvarleg for organisering av arbeidet. Arbeidsgruppa orienterer styret før møte med RA 1. februar 2022.

Systematisere tema som skal spelast inn til planprogrammet, og presentere det på ein god måte.

**PDH** tek ein oppklaringstelefon til Jostein Løvdahl (RA) om kontakten med Miljødirektoratet – ein ryddig framgangsmåte.

Vågå, 2. desember 2021

*Trond Stensby*

*ref.*